



Innkalling
av
Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 05.10.2022
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Det vert synfaring på Framo Flatøy og Frekhaug stål.
Frammøte ved Framo kl. 12.00.
Møtestart kl. 14.00 - kommunehuset Frekhaug - formannskapssalen

Sakliste

Saknr	Tittel
044/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
045/22	Godkjenning av møteprotokoll 07.09.2022
046/22	Politisk møteplan 2023
047/22	Kostnader til administrasjon av næringsfond
048/22	Meldingar til utval for næringutvikling og drift 05.10.2022

28. september 2022

Stian Lavik
møteleiar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
044/22	Utval for næringutvikling og drift	05.10.2022

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
045/22	Utval for næringutvikling og drift	05.10.2022

Godkjenning av møteprotokoll 07.09.2022

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saka:

08.09.2022 Protokoll - Utval for næringutvikling og drift - 07.09.2022 1798005



Møteprotokoll for Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 07.09.2022

Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug - formannskapssalen

Møtetid: 12:00 - 15:50

12.00-14.00: Styringsgruppemøte for Strategisk næringsplan.
Deretter ordinært møte med vedtakssaker.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Yngve Walaker	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Maya Greve	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Else Marie Skartveit Dale – deltok i sak 034/22	KRF	Stian Lavik-KRF i sak 034/22

Følgjande frå administrasjonen møtte: Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Tove Hagenes-hovudprosjektleiar Samfunnsutvkling, Sondre Sognnes Haugen-rådgjevar Plan og analyse, Hans Kristian Dolmen-rådgjevar Plan og analyse, Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Det møtte 6 av 7 medlemmar i utvalet.

Utvalet hadde styringsgruppemøte for næringsplanen kl. 12.00-14.00.

Sakliste

Saknr	Tittel
027/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/22	Godkjenning av møteprotokoll
029/22	Kommuneplanen sin arealdel for Alver - Planprogram på høyring
030/22	1 gongs handsaming - Offentleg ettersyn - Galteråsen næringsområde
031/22	Søknad til Næringsfondet - Alver Optikk AS – Søknad om tilskot til DNEye scanner
032/22	Søknad til næringsfondet - Alver Anlegg AS - søknad om midler til nystarta bedrift
033/22	Søknad til næringsfondet - Alver Logopedi AS - Logopediske tjenester
034/22	Søknad til næringsfondet - Audsynn AS - Digital fundraising-plattform for en bedre alderdom
035/22	Søknad til næringsfondet - Danfer AS - Grønn Selvbetjent Bemanning
036/22	Søknad til næringsfondet - EG ER AS - EG ER Llvstil
037/22	Søknad til næringsfondet - La Vita e Bella - Søknad om støtte til fullføring av bakstehus
038/22	Søknad til næringsfondet Mikro Grønt AS - Strømsikkerhet
039/22	Søknad til næringsfondet - Molvik gard - SMIL - Stopp matsvinn i landbruket
040/22	Søknad til næringsfondet - Nordhordland ettersøkslag - Stønad til innkjøp av Sikkerhetsbekledning for utførelse av ettersøk på skadd hjortevilt
041/22	Søknad til næringsfondet - Terapihund
042/22	Søknad til Næringsfondet - ZingZang AS – Oppdatert teknisk utstyr og instrument
043/22	Meldingar til utval for næringsutvikling og drift

027/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringsutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

ND- 027/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

028/22: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for næringsutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes møteprotokoll for 1, juni.

ND- 028/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

029/22: Kommuneplanen sin arealdel for Alver - Planprogram på høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram for politisk drøffing.

Eldreråd 05.09.2022:

Behandling:

Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse orienterte om kommuneplanen sin arealdel.

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til planprogrammet. Eldrerådet er oppteken av at prinsippet om å "ta heile kommunen i bruk" vert følgd opp i praksis. Rådet vil understreka planen må ha fokus på

å byggja eit aldersvenleg og heilskapleg samfunn, og at arealdelen må leggast til rette for alle aldersgrupper i Alver-samfunnet.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale.

ER- 034/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale til planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel: Eldrerådet sluttar seg til planprogrammet. Eldrerådet er oppteken av at prinsippet om å "ta heile kommunen i bruk" vert følgd opp i praksis. Rådet vil understreka at planen må ha fokus på å byggja eit aldersvenleg og heilskapleg samfunn, og at arealdelen må leggast til rette for alle aldersgrupper i Alver-samfunnet.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:

Behandling:

RMNF meiner det i den vidare planprosessen bør leggast vekt på at framtidig bustadbygging legg til rette for at ein skal kunne bu der sjølv om ein skulle få fysiske utfordringar. Ein arealplan med tydeleg føringar på dette feltet medverkar til at menneske med nedsett funksjonsevne kan leva meir aktive liv, og til å minka presset på sjukeheimsplassar og andre tilrettelagde butilbod. Nye bustader i Alver må ha livsløpsstandard. Kommunen må vidare sikra seg areal til offentleg tenesteyting, også utanfor tettstadene. Ein tenkjer her til t.d. på skjerma omsorgsbustader.

Samrøystes vedteke.

RMNF- 034/22 Vedtak:

RMNF meiner det i den vidare planprosessen bør leggast vekt på at framtidig bustadbygging legg til rette for at ein skal kunne bu der sjølv om ein skulle få fysiske utfordringar. Ein arealplan med tydeleg føringar på dette feltet medverkar til at menneske med nedsett funksjonsevne kan leva meir aktive liv, og til å minka presset på sjukeheimsplassar og andre tilrettelagde butilbod. Nye bustader i Alver må ha livsløpsstandard. Kommunen må vidare sikra seg areal til offentleg tenesteyting, også utanfor tettstadene. Ein tenkjer her til t.d. på skjerma omsorgsbustader.

Ungdomsråd 05.09.2022:

Behandling:

Orientering i saka v/Marte Eriksrud, rådgjevar Plan og analyse

UR- 030/22 Vedtak:

Tatt til orientering - ingen merknadar

Samrøystes vedteke

Utval for helse og omsorg 06.09.2022:

Behandling:

Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse orienterte og svarta på spørsmål.

Utvalsleiar Ståle Hauge-AP sette fram følgjande framlegg til uttale:

Utval for helse og omsorg støttar Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sin uttale i saka 05.09.2022.

HO ber administrasjonen sikra at det offentlege har reserveareal for utvikling av offentleg tenesteyting i forhold til vedtatt senterstruktur, dette gjeld utviding eller behov for areal til ny bygningsmasse for formålet.

HO ber administrasjonen sikre at det blir sett av areal til sosiale møteplassar både på organiserte og uorganiserte stader.

HO ber administrasjonen ta inn som kriterier i planen dei vedtaka i bustadsosial handlingsplan som krev arealavsetning for å kunne realiserast. Sekundært må det avsetjast areal før bustadsosial handlingsplan er vedtatt i Alver kommune.

HO ber administrasjonen vurdere å innføre krav til 50% universal utforming og krav til «livsløpstandard» i areal avsett til bustader.

Utvalet vedtok samrøystes S. Hauge-AP sitt framlegg til uttale.

HO- 033/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg støttar Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sin uttale i saka 05.09.2022.

HO ber administrasjonen sikra at det offentlege har reserveareal for utvikling av offentleg tenesteyting i forhold til vedtatt senterstruktur, dette gjeld utviding eller behov for areal til ny bygningsmasse for formålet.

HO ber administrasjonen sikre at det blir sett av areal til sosiale møteplassar både på organiserte og uorganiserte stader.

HO ber administrasjonen ta inn som kriterier i planen dei vedtaka i bustadsosial handlingsplan som krev arealavsetning for å kunne realiserast. Sekundært må det avsetjast areal før bustadsosial handlingsplan er vedtatt i Alver kommune.

HO ber administrasjonen vurdere å innføre krav til 50% universal utforming og krav til «livsløpstandard» i areal avsett til bustader.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.09.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse

OKK vedtok samrøystes å senda planen ut på høyring og har ingen merknader.

OKK- 048/22 Vedtak:

Uttale i OKK - 06.09.2022:

OKK vedtok å senda planen ut på høyring og har ingen merknader.

Utval for næringsutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalsleiar Marte Hagen Eriksud-rådgjevar Plan og analyse orienterte i saka.

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til uttale:

Utval for næringsutvikling og drift vil koma med følgjande innspel til planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel:

1. Utnyttingsgrad av eksisterande næringsområde skal kunna vera opp til 80% BYA.
2. Ein bør vurderer å utvida næringsområdet på Mjåtveit.
3. Leggja til rette areal for mindre einebustader og tomannbustader i sentrumsnære strok, for skapa attraktive område for tilflytting og vekst.

Utvalet vedtok samrøystes S. Lavik sitt framlegg til vedtak.

ND- 029/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift vil koma med følgjande innspel til planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel:

1. Utnyttingsgrad av eksisterande næringsområde skal kunna vera opp til 80% BYA.
2. Ein bør vurderer å utvida næringsområdet på Mjåtveit.
3. Leggja til rette areal for mindre einebustader og tomannbustader i sentrumsnære strok, for skapa attraktive område for tilflytting og vekst.

030/22: 1 gongs handsaming - Offentleg ettersyn - Galteråsen næringsområde

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

Galteåsen næringsområde, gbnr. 137/804 mfl. PlanID 46312021002. Vist på plankart datert 24.2.2022 med tilhøyrande føresegnar datert 6.5.2022.»

Utval for areal, plan og miljø 15.06.2022:

Behandling:

Utvalet var på synfaring før møtet tok til.

Jogeir Romarheim-Krf bad om vurdering av sin habilitet jf.Forvl.lova §6.b. Utvalet vurderte han samrøystes som inhabil, og han deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 7 røyster (Anne Grete Eide-Ap, Ståle Hopland-Uavh, Leif Taule-Sp, Henning Fyllingsnes-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Heine Fyllingsnes-H, Sveinung Toff-V)

APM- 088/22 Vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Galteråsen næringsområde, gbnr. 137/804 mfl. PlanID 46312021002. Vist på plankart datert 24.2.2022 med tilhøyrande føresegner datert 6.5.2022.».

Eldreråd 05.09.2022:

Behandling:

Lennart Falkenberg-Arell- rådgjevar Plan og byggesak orienterte i felles orienteringsmøte for ER/RMNF om planen for Galteråsen næringsområde.

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til hovudlinjene i planen for Galteråsen næringsområde, men støttar Kulturavdelinga i Alver kommune sine vurderingar om at eksisterande tursti må følgja dagens opparbeidde trasé og tilrettelaggast på ein måte som gjer det trygt å ferdist både for barnehagebarna og andre turgåarar.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale.

ER- 032/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i reguleringsplan for Galteråsen næringsområde: Eldrerådet sluttar seg til hovudlinjene i planen for Galteråsen næringsområde, men støttar Kulturavdelinga i Alver kommune sine vurderingar om at eksisterande tursti må følgja dagens opparbeidde trasé og tilretteleggast på ein måte som gjer det trygt å ferdist både for barnehagebarna og andre turgåarar.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:

Behandling:

RMNF meinar at stien som går gjennom området må oppretthaldast.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 035/22 Vedtak:

RMNF meinar at stien som går gjennom området må oppretthaldast.

Ungdomsråd 05.09.2022:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

UR- 027/22 Vedtak:

Tatt til orientering - ingen merknadar

Samrøystes vedteke

Utval for næringsutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til uttale:

Utval for næringsutvikling og drift sluttar seg til reguleringsplan for Galteråsen næringsområde (planID 46312021002), og vil spela inn følgjande framlegg til endringar:

§ 3.1.2.2. i planføresegnene endrast til "§3.1.2.2.a Utnyttinga innanfor dei einskilde føremåla er på 80% BYA.

Dette vil setja denne delen av næringsområde si utnyttingsgrad lik med resterande næringsområde i Galteråsen.

Utvalet vedtok samrøystes S.Lavik sitt framlegg til uttale.

ND- 030/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale til reguleringsplan for Galteråsen næringsområde:

Utval for næringsutvikling og drift sluttar seg til reguleringsplan for Galteråsen næringsområde (planID 46312021002), og vil spela inn følgjande framlegg til endringar:

§ 3.1.2.2. i planføresegnene endrast til "§3.1.2.2.a Utnyttinga innanfor dei einskilde føremåla er på 80% BYA.

Dette vil setja denne delen av næringsområdet si utnyttingsgrad lik med resterande næringsområde i Galteråsen.

031/22: Søknad til Næringsfondet - Alver Optikk AS – Søknad om tilskot til DNEye scanner

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad om tilskot til DNEye scanner blir tildelt kr 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 031/22 Vedtak:

Søknad om tilskot til DNEye scanner blir tildelt kr 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

032/22: Søknad til næringsfondet - Alver Anlegg AS - søknad om midler til nystarta bedrift

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Søknad om midler til nyoppstartet bedrift blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 032/22 Vedtak:

Prosjekt Søknad om midler til nyoppstartet bedrift blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

033/22: Søknad til næringsfondet - Alver Logopedi AS - Logopediske tjenester

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Logopediske tjenester* blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 033/22 Vedtak:

Prosjektet Logopediske tjenester blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

034/22: Søknad til næringsfondet - Audsynn AS - Digital fundraising-plattform for en bedre alderdom

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Digital fundraising-plattform for en bedre alderdom* blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF melde seg inhabil i denne saka. Han er styreleiar og medeigar i selskapet som har søkt næringsfondet om midlar.
Nestleiar Mabel Johansen-H overtok møteleiinga.
Utvalet erklærte Stian Lavik inhabil, og han deltok ikkje i handsaminga av saka. Else Marie S. Dale-KRF møtte som vara for Lavik.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 034/22 Vedtak:

Prosjektet *Digital fundraising-plattform for en bedre alderdom* blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

035/22: Søknad til næringsfondet - Danfer AS - Grønn Selvbetjent Bemanning

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad om tilskot til prosjektet *Grønn Selvbetjent Bemanning* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 035/22 Vedtak:

Søknad om tilskot til prosjektet *Grønn Selvbetjent Bemanning* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

036/22: Søknad til næringsfondet - EG ER AS - EG ER Livsstil

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad om tilskot til prosjektet *EG ER Livsstil* blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 036/22 Vedtak:

Søknad om tilskot til prosjektet *EG ER Livsstil* blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver

kommune.

037/22: Søknad til næringsfondet - La Vita e Bella - Søknad om støtte til fullføring av bakstehus

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Søknad om støtte til fullføring av bakstehus blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 037/22 Vedtak:

Prosjektet Søknad om støtte til fullføring av bakstehus blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

038/22: Søknad til næringsfondet Mikro Grønt AS - Strømsikkerhet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Strømsikkerhet* blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 038/22 Vedtak:

Prosjektet *Strømsikkerhet* blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

039/22: Søknad til næringsfondet - Molvik gard - SMIL - Stopp matsvinn i landbruket

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *SMIL – Stopp matsvinn i landbruket* blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver

kommune

Utval for næringutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 039/22 Vedtak:

Prosjektet *SMIL – Stopp matsvinn i landbruket* blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune

040/22: Søknad til næringsfondet - Nordhordland ettersøkslag - Stønad til innkjøp av Sikkerhetsbekledning for utførelse av ettersøk på skadd hjortevilt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad om tilskot til prosjektet *Stønad til innkjøp av sikkerhetsbekledning for utførelse av ettersøk på skada hjortevilt* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 040/22 Vedtak:

Søknad om tilskot til prosjektet *Stønad til innkjøp av sikkerhetsbekledning for utførelse av ettersøk på skada hjortevilt* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

041/22: Søknad til næringsfondet - Terapihund

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om Terapihund* blir tildelt kr 10 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.09.2022:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 041/22 Vedtak:

Prosjektet *Søknad om Terapihund* blir tildelt kr 10 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

042/22: Søknad til Næringsfondet - ZingZang AS – Oppdatert teknisk utstyr og instrument**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Oppdatert teknisk utstyr og instrument blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 07.09.2022:**Behandling:**

Utvalet vedtok samrøystes

ND- 042/22 Vedtak:

Oppdatert teknisk utstyr og instrument blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

043/22: Meldingar til utval for næringutvikling og drift**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for næringutvikling og drift 07.09.2022:**Behandling:**

Eric Lithun-CEO Efly AS orienterte om utvikling av el-fly på sjø.

Tove Hagenes-hovudprosjektleder Samfunnsutvikling orienterte om Mongstadprosjektet fase 2.

Hans Kristian Dolmen-rådgjevar Plan og analyse orienterte om interkommunal plan for sjøareal.

Utvalsleder Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Utval for næringutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utval for næringutvikling og drift ser med interesse på utviklinga innan el-fly på sjø, og ønskjer at Alver kommune vurderer å skriva ein intensjonsavtale med aktørar som kan tilby pilotprosjekt rundt fleksibel miljøvenleg mobilitet i vårt område.

Utvalet er glad for å høyra at kompetanseprosjektet på Mongstad ber frukter, og at fase 2 no

er i gang. Utvalet ønskjer ei ny orientering når ein ser endeleg resultat av prosjektet.

Utval for næringsutvikling og drift er glad for at det er framdrift på den interkommunale planen for sjøareal. Utvalet peikar på viktigheita av å i planen peika på motsetninga mellom statleg vilja politikk om vekst i oppdrettsnæringa og strenge reguleringar - utan særleg mogelegheiter for gradvis måloppnåing. Det er viktig at timeplanen held for prosessen framover.

Utvalet vedtok samrøystes S. Lavik sitt framlegg.

ND- 043/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utval for næringsutvikling og drift ser med interesse på utviklinga innan el-fly på sjø, og ønskjer at Alver kommune vurderer å skriva ein intensjonsavtale med aktørar som kan tilby pilotprosjekt rundt fleksibel miljøvenleg mobilitet i vårt område.

Utvalet er glad for å høyra at kompetanseprosjektet på Mongstad ber frukter, og at fase 2 no er i gang. Utvalet ønskjer ei ny orientering når ein ser endeleg resultat av prosjektet. Utval for næringsutvikling og drift er glad for at det er framdrift på den interkommunale planen for sjøareal. Utvalet peikar på viktigheita av å i planen peika på motsetninga mellom statleg vilja politikk om vekst i oppdrettsnæringa og strenge reguleringar - utan særleg mogelegheiter for gradvis måloppnåing. Det er viktig at timeplanen held for prosessen framover.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/22	Utval for helse og omsorg	04.10.2022
059/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.10.2022
046/22	Utval for næringutvikling og drift	05.10.2022
132/22	Utval for areal, plan og miljø	05.10.2022
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Politisk møteplan 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar politisk møteplan for 2023 slik den er lagt fram i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg, utval for næringsutvikling og drift, utval for areal, plan og miljø.

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saksopplysningar:

Kva saka gjeld:

- Kommunestyret i Alver skal vedta politisk møteplan for det komande kalenderåret, denne gong for 2023. I 2023 er det også kommuneval, og det er viktig å planlegge for det.

Bakgrunn

I kommunelova § 11-2, står det at møter i folkevalde organ skal haldast om eitt av følgjande vilkår er oppfylt:

- Organet sjølv, kommunestyre eller fylkesting vedtar det
- Organet sin leiar meiner det er naudsynt
- Minst 1/3 av medlemmane krev det.

I denne saka blir det lagt fram ein heilskapleg møteplan for 2023 som kommunestyret skal vedta. Møteplanen gjeld for følgjande råd og utval:

- Kommunestyret (KO)
- Formannskapet (FO)
- Utval for areal, plan og miljø (APM)
- Utval for oppvekst, kunnskap og kultur (OKK)
- Utval for næring og drift (ND)
- Utval for helse og omsorg (HO)
- Administrasjonsutvalet (ADM)
- Eldreråd (ER)

- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF)
- Ungdomsrådet (UR)

Vurdering:

Den politiske møteplanen for 2023 er lagt opp på følgjande måte:

- Møter i utval og råd er samla i same veke og kommunestyret er lagt to veker etterpå. Det gjer at saker frå utval og råd kjem i det etterfølgjande kommunestyremøtet.
- Møta i råda er lagt på måndagar, møta i alle utval er lagt opp frå tysdag til torsdag, då mange av partia har gruppemøte på måndagar.
- På grunn av stor saksmengde er det lagt opp til tre ekstra møte i utval for areal, plan og miljø (APM), i januar, august og desember.
- Våren 2023 er det lagt inn tre strategisamlingar med formannskapet i samband med økonomiplanprosessen. Kommunedirektøren ønskjer å starte denne prosessen tidleg, og første samling er 26. januar.
- Kommunevalet blir gjennomført 11. september. Første politiske runde haust 2023 er lagt til etter kommunevalet. Det er lagt inn eit ekstra formannskapsmøte 31. august om det er behov for det.
- Det konstituerande kommunestyremøtet er lagt til 19. oktober, med eit etterfølgjande kommunestyremøte 2. november med supplerande val.
- Nytt formannskap vil ha ei 2-dagars samling i november med fokus på økonomiplan og årsbudsjett.

Kommunedirektøren legg til grunn at kontrollutvalet utarbeider eigen møteplan.

Vedlegg i saka

27.09.2022

Vedlegg_framlegg politisk møteplan 2023

1809321

Møteplan 1. halvår 2023

Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
1. søn	1. ons	1. ons	1. lør	1. mån v18	1. tor
2. mån v1	2. tor	2. tor	2. søn	2. tys	2. fre
3. tys	3. fre	3. fre	3. mån v14 Påske	3. ons	3. lør
4. ons	4. lør	4. lør	4. tys	4. tor	4. søn
5. tor	5. søn	5. søn	5. ons	5. fre	5. mån v23 ER/RMNF/UR
6. fre	6. mån v6 ER/RMNF/UR	6. mån v10	6. tor	6. lør	6. tys HO/OKK/
7. lør	7. tys HO/OKK	7. tys	7. fre	7. søn	7. ons APM/ND/ADM
8. søn	8. ons APM/ND/ADM	8. ons	8. lør	8. mån v19	8. tor FO
9. mån v2	9. tor FO	9. tor	9. søn	9. tys	9. fre
10. tys	10. fre	10. fre	10. mån v15	10. ons	10. lør
11. ons	11. lør	11. lør	11. tys	11. tor KO	11. søn
12. tor	12. søn	12. søn	12. ons	12. fre	12. mån v24
13. fre	13. mån v7	13. mån v11 ER/RMNF/UR	13. tor Strategisamling FO	13. lør	13. tys
14. lør	14. tys	14. tys HO/OKK	14. fre	14. søn	14. ons
15. søn	15. ons	15. ons APM/ND	15. lør	15. mån v20	15. tor Strategisamling FO
16. mån v3	16. tor	16. tor FO	16. søn	16. tys	16. fre
17. tys	17. fre	17. fre	17. mån v16	17. ons	17. lør
18. ons APM	18. lør	18. lør	18. tys	18. tor Kr.himmelfartsdag	18. søn
19. tor	19. søn	19. søn	19. ons	19. fre	19. mån v25
20. fre	20. mån v8	20. mån v12	20. tor	20. lør	20. tys
21. lør	21. tys	21. tys	21. fre	21. søn	21. ons
22. søn	22. ons	22. ons	22. lør	22. mån v21	22. tor KO
23. mån v4	23. tor KO	23. tor	23. søn	23. tys	23. fre
24. tys	24. fre	24. fre	24. mån v17 ER/RMNF/UR	24. ons	24. lør
25. ons	25. lør	25. lør	25. tys HO/OKK	25. tor	25. søn
26. tor Strategisamling FO	26. søn	26. søn	26. ons APM/ND/ADM	26. fre	26. mån v26
27. fre	27. mån v9 Vinterferie	27. mån v13	27. tor FO	27. lør	27. tys
28. lør	28. tys	28. tys	28. fre	28. søn	28. ons
29. søn		29. ons	29. lør	29. mån v22 2. pinsedag	29. tor
30. mån v5		30. tor KO	30. søn	30. tys	30. fre
31. tys		31. fre		31. ons	

KO=kommunestyret
ER=eldreråd.

FO= formannskapet
RMNF=råd for menneske med nettsett funksjonsevne

OKK= oppvekst, kunnskap og kultur
APM= Areal, plan og miljø
ND= Naeringsutvikling og drift

ADM=administrasjonsutvalet

Møteplan 2. halvår 2023

Juli	August	September	Oktober	November	Desember
1. lør	1. tys	1. fre	1. søn	1. ons	1. fre
2. søn	2. ons	2. lør	2. mån v40	2. tor KO	2. lør
3. mån v27	3. tor	3. søn	3. tys	3. fre	3. søn
4. tys	4. fre	4. mån v36	4. ons	4. lør	4. mån v49
5. ons	5. lør	5. tys	5. tor KO	5. søn	5. tys
6. tor	6. søn	6. ons	6. fre	6. mån v45 ER/RMNF/UR	6. ons
7. fre	7. mån v32	7. tor	7. lør	7. tys HO/OKK	7. tor
8. lør	8. tys	8. fre	8. søn	8. ons APM/ND	8. fre
9. søn	9. ons	9. lør	9. mån v41 Haustferie	9. tor FO	9. lør
10. mån v28	10. tor	10. søn	10. tys	10. fre	10. søn
11. tys	11. fre	11. mån v37 Kommuneval	11. ons	11. lør	11. mån v50
12. ons	12. lør	12. tys	12. tor	12. søn	12. tys
13. tor	13. søn	13. ons	13. fre	13. mån v46	13. ons
14. fre	14. mån v33	14. tor	14. lør	14. tys	14. tor KO
15. lør	15. tys	15. fre	15. søn	15. ons Samling FO økonomi	15. fre
16. søn	16. ons	16. lør	16. mån v42	16. tor Samling FO økonomi	16. lør
17. mån v29	17. tor	17. søn	17. tys	17. fre	17. søn
18. tys	18. fre	18. mån v38 ER/RMNF/UR/	18. ons	18. lør	18. mån v51
19. ons	19. lør	19. tys HO/OKK	19. tor Konstituerande KO	19. søn	19. tys
20. tor	20. søn	20. ons APM/ND/ADM	20. fre	20. mån v47	20. ons
21. fre	21. mån v34	21. tor FO	21. lør	21. tys	21. tor
22. lør	22. tys	22. fre	22. søn	22. ons	22. fre
23. søn	23. ons	23. lør	23. mån v43	23. tor KO	23. lør
24. mån v30	24. tor	24. søn	24. tys	24. fre	24. søn
25. tys	25. fre	25. mån v39	25. ons	25. lør	25. mån v52
26. ons	26. lør	26. tys	26. tor	26. søn	26. tys
27. tor	27. søn	27. ons	27. fre	27. mån v48 ER/RMNF/UR	27. ons
28. fre	28. mån v35	28. tor	28. lør	28. tys HO/OKK	28. tor
29. lør	29. tys	29. fre	29. søn	29. ons APM/ND/ADM	29. fre
30. søn	30. ons APM	30. lør	30. mån v44	30. tor FO	30. lør
31. mån v31	31. tor FO		31. tys		31. søn

KO=kommunestyret
ER=Eldreråd.

FO= formannskapet
RMNF=råd for menneske med nettsett funksjonsevne

OKK= oppvekst, kunnskap og kultur
APM= Areal, plan og miljø
ND= Naeringsutvikling og drift

ADM=administrasjonsutvalet
AMU=arbeidsmiljøutvalet

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 28.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
047/22	Utval for næringsutvikling og drift	05.10.2022

Kostnader til administrasjon av næringsfond

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kostnader med å administrere næringsfondet skal dekkast av næringsfondet.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for næringsutvikling og drift.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saksopplysningar:

Kva saka gjeld:

- Denne saka skal avklare korleis kommunen skal dekke kostnadar med å administrere og profilere næringsfondet.

Bakgrunn:

Alver kommune har eit næringsfond som skal bidra til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar. Vedtektene til næringsfondet blei oppdatert 26.11.2020. Det er lagt opp til to hovudtildelingar i året, med frist 1. mai og 1. oktober.

I forkant av desse tildelingane blir utlysingane annonsert i kommunen sine eigne kanalar og i lokalavisene. Dei siste åra har kommunen også vore med på å arrangere Nordhordland Awards i samarbeid med Nordhordland næringslag, Industriutvikling Vest og Sparebanken Vest. Føremålet er å presentere bedrifter og prosjekt som har fått støtte frå næringsfondet.

Aktiviteten rundt tildelingsprosessane for næringsfondet og Nordhordland Awards genererer kostnader som ikkje er lagt inn i driftsbudsjettet til sektor samfunnsutvikling. Årleg utgjer dette ca kr 50.000. Arbeidstimar for sakshandsaming og oppfølging er ikkje rekna med i dette.

Vurdering

Det er ikkje lagt inn midlar i driftsbudsjettet til sektor samfunnsutvikling til å administrere og profilere prosessane rundt næringsfondet. I tillegg er det ein kostnad med å arrangere Nordhordland Awards. Dette utgjer ca kr 50.000 årleg. Kommunedirektøren tilrår at kostnader med å administrere næringsfondet blir dekkta av næringsfondet. Rapportering av desse kostnadane skjer i tråd med økonomireglementet.

Vedlegg i saka:

28.09.2022 alver-naringsfond_vedtekter_26-nov-2020

1810198



Fondsvedtekter

Næringsfond Alver kommune

Vedtatt i Alver kommunestyre 26.11.2020.

1. FØREMÅL

- Næringsfondet skal bidra til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

2. MÅLSETTING

- Stimulere prosjekter som gir vekst i eksisterande verksemder og arbeidsplassutvikling i Alver kommune.
- Stimulere til ei berekraftig næringsutvikling.
- Omstilling og nyskaping i næringslivet.
- Tiltak som styrker næringslivet i arbeidet med ny teknologi, innovasjon og entreprenørskap.
- Samarbeidstiltak innanfor etablert næringsliv.
- Stimulere til kompetanseutvikling i næringslivet.

3. KVEN KAN SØKJE

Næringsfondet kan nyttast til tiltak for verksemder og til næringstiltak i regi av kommunen eller andre typar næringsutviklingsorganisasjonar, og/eller der midlane i hovudsak får effekt i Alver kommune, til dømes:

- Føretak med forretningsadresse i Alver kommune
- Samarbeidstiltak med lokale føretak
- FOU-aktørar i samarbeid med lokale føretak
- Kommunale næringsutviklingsprosjekt
- Næringsutvikling i landbruket som ikkje får stønad frå landbrukets vanlege stønadsorgan.
- Verksemder som treng å ta eit nytt steg etter oppstartsfasen, eller etablerte verksemder som treng hjelp til å realisere eit nytt marknadspotensiale eller internasjonalt vekstpotensial vil vere prioritert.

4. KORLEIS SØKE

Tiltakshavar skal søke elektronisk via nettstaden www.regionalforvaltning.no.

5. SØKNADSRIST OG TILDELING

Kommunestyret har delegert mynde for tildeling av midlar til Utval for næringsutvikling og drift. Utvalet avgjer søknadene som kjem til kommunen. Det blir lagt opp til to hovudtildelingar i året, med søknadsfrist 1. mai og 1. oktober.

Det kan i særskilte høve tildelast midlar utanom hovudtildelingane. Søkjar må i så fall grunngje kvifor dette vil vera avgjerande, t.d. om ein vil mista utløysande midlar andre stader om ein må venta på hovudtildeling. Det kan maksimalt delast ut 15 % av næringsfondet sine midlar mellom dei ordinære søknadsfristane

6. VILKÅR

- 6.1. Stønad kan berre bli gitt i form av tilskot. Jamfør kommunelova § 51 kan næringsfondet ikkje setjast som garanti for lån til næringsverksemd. Stønad kan ikkje brukast til teikning av aksjar, sanering av gjeld, kausjon/garanti for - eller renter og avdrag på lån til prosjekt eller verksemd.
- 6.2. Det kan søkjast om støtte til investeringar i nytt utstyr og maskiner. Det blir ikkje gitt stønad til oppføring av bygg, og kjøp av eigedom og areal.

- 6.3. Stønad frå næringsfondet skal ikkje overstige 50 % av prosjektet sin samla finansieringsplan
- 6.4. Stønad skal nyttast til utviklingsprosjekt, ikkje til ordinær drifts- og vedlikehaldskostnad.
- 6.5. Fondet gir ikkje stønad til festivalar, kulturtiltak, kultur- og idrettsarrangement.
- 6.6. Stønad kan gjevast til føretak som er registrert i Brønnøysundregisteret.
- 6.7. Vesentlege endringar i prosjektplanen, endringar i prosjektet sitt budsjett eller finansieringsplan, skal godkjennast av utval for næringsutvikling og drift.
- 6.8. Føresetnaden for Alver kommune si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjent finansieringsplan i omsøkte prosjekt viser. Alle tilskotsmottakarar må bekrefte at dei tar imot tildelt tilskot. Ved avkorting i i søknadssum, står tilskotsmottakar fritt til å justera sin finansieringsplan tilsvarande. Oppdatert finansieringsplan skal sendast inn.
- 6.9. Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.
- 6.10. Informasjon om prosjektet kan verte omtala på kommunen si nettside og ein kan rekna med å bli beden om å presentera prosjektet for kommunen.
- 6.11. Profilerings. I alle presentasjonar av-prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert frå Alver kommune. Bruk av kommunen sin logo må avtalast.
- 6.12. Forholdet til andre verkemiddel: Tildelingar frå fondet må vere i samsvar med aktuelle krav og retningslinjer som td. retningslinjer for bruk av regionale utviklingsmidlar, regelverk for offentleg støtte mv.
- 6.13. Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostadar. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.
- 6.14. Prosjektet si avslutning og sluttutbetaling. Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakar sende oppmoding om sluttutbetaling. I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport og godkjennast av prosjekteigar.
- 6.15. Autorisert rekneskapsfører skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn over kr. 100.000,-. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.
- 6.16. Kontroll. Kommunen sin revisor har rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje kommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 26.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
048/22	Utval for næringsutvikling og drift	05.10.2022

Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 05.10.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Saksopplysningar

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

1. Informasjon om Merkur-programmet v/Per Spillum-Merkur-konsulent
2. Status hjorteforvaltning v/Mikkel Bengtsson-rådgjevar landbruk

Kl. 12.00-13.45: Bedriftsbesøk Framo Flatøy og Frekhaug Stål